



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd.

Onsdag 12. juni 2019 kl. 17.00.

Heime hos kyrkjeverja i Midtsundvegen 23.

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunerepresentant Tore Åsland.

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn.

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

Kommunerepresentant Tore Åsland har fått fritak frå alle politiske verv. Ny representant frå kommunen er ordførar Tarjei Gjelstad som møtte.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Sommar avslutning starta med middag og kaffi v/ Magnhild Vaagen Kvalbein og Kristen Salmelid

Mail kopi innkalling og referat til NY revisor Hilde Vatnar.

(Referat sendes i tillegg til rådmann Øystein Tveit, NY kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland, rekneskapsførar Christine Graneng og prost Asgeir Sæle)

Oversikt over saker:

Sak 35/19, SR	Innkalling og sakliste
Sak 36/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 11.04.2019
Sak 37/19, SR/FR	Post og meldingar
Sak 38/19, FR	Kyrkjevalet 2019
Sak 39/19, FR	Rekneskapsrapport jan-mai 2019
Sak 40/19, FR	Maskinar/reiskap for kyrkje gardsdrifta
Sak 41/19, FR	Forslag til investeringsplan 2020-2024
Sak 42/19, FR	Gullkonfirmantar hausten 2019
Sak 43/19, FR	Vikar trusopplærar og sekretær
Sak 44/19, SR	Oversikt forsikringar
Sak 45/19, SR	Eventuelt

Sak 35/19, SR	Innkalling og saksliste	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 28.05.2019 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>Det ble meldt inn eit par tilleggssaker under eventuelt.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege, med tilleggssaker.</p>		
Sak 36/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 11.04.2019	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Referatet frå møtet 11.04.2019, sendt ut på mail 15.04.2019, vart godkjend.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
Sak 37/19, SR/FR	Post og meldingar	KS
<ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement: <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Konsert i Brunkeberg kyrkje Palmesundag 14.april ved Torunn Bøe og Gunnar Ajer. God oppslutning. 'Voksen' forsamling. Artistane var nøgde.</i> b. Avskjedskonsert 29.06.2019 ved Organist Dagfinn Køhn der han har invitert og fått ja frå mange gamle kyrkjekor songarar. Han har og fått med seg musikarar. c. Felleskyrkjeleg sangmøte er planlagt til sundag 29. september, i Kviteseid kyrkje. d. Olav Mosdøl og Gunstein Draugedal arbeidar med ein konsert som kan koma tidleg i november. (Det vert ingen annan Allehelgenskonsert.) 2. <u>Investeringsprosjekta for 2018.</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje er ferdig og fungerer godt. b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Vi nærmar oss 5000 flis til gamlekyrkja. Arbeidet på taket der er planlagt starta i månadsskiftet juli/august. Arbeidet på tårn taket på Brunkeberg kyrkje kan ta til i september. Arbeidsfolk til dette er enda ikkje på plass. 3. <u>Investeringsprosjekta for 2019:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Brannvarsling og innbrotsalarm i Kviteseid GAMLE kyrkje (Prosj. 19.3 og 19.3b): Arbeidet er ferdig og alarman er knytast til 110-sentralen i Tønsberg (slik alle kommunale alarmar nå blir overført frå Skien). b. Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje (Prosj. 19.1 og 19.1b): Prosjektet er nå godkjent av Riksantikvaren og Biskopen. Arbeidet tar til når Dyrud er klar eingong nå i sommarhalvåret. Dei hadde siste befarng 24.5. c. Renovering av blyglas i Kviteseid kyrkje (Prosj. 19.4): Vi har fått, og akseptert tilbod frå Halvor Nyland. Vi har budsjett til to av dei seks store på langsiden i 2019. Riksantikvaren har avslått søknad om finansiering fordi det er blyglasvindaug og ikkje glasmaleri. d. Carport og HC/WC ved bårehuset i Kviteseid (Prosj. 19.5): Planlegging på gjeng framleis. Entreprenør er kontakta for samtale og befarng. 		

4. Kontroll av alle kyrkjeklokkene. Dei to siste, Fjågesund og Kilen er no kontrollert. Dei var i god stand. Utbetring av klokkene i gamlekyrkja og Vrådal setjast opp som eit prosjekt på investeringsplanen. (sjå sak 41/19 her.)
5. Sak om Verneombod for dei tilsette er enda ikkje avslutta. Det blir felles for Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og kanskje Seljord sokn/kyrkjelege fellesråd.
6. Arbeidstilsynet har på førespurnad fått dokumentasjon på at Personalrommet for fagarbeidarane våre under bårhuset i Kviteseid no er ferdig. Utvida areal, nytt golv, lyse veggjar og tak, nye plass tilpassa møbler og godt ljøs. Saken er nå avslutta.
7. Nokre få ord om dugnadane på kyrkjegardane frå folk som eventuelt har vore med:
 - a. Kviteseid: Greitt med folk. Fekk gjort mykje.
 - b. Brunkeberg: Hadde fortsatt litt snø som forsvann etter kvart. Nokon hadde førebudd tidlegare. Mykje folk. Flinke til å bidra.
 - c. Vrådal: Mange møtte opp så arbeidet gikk raskt unna. Det på dugnad var glad for at det ikkje lenger er store trær på kyrkjegarden. Enklare vedlikehald (og drift til vanleg)
 - d. Fjågesund: Bra med oppmøte. Nokon tidleg og andre seine. Fjågesund var utegløymd i annonsen, men dugnaden vart gjort kjend i lokalt blad.
 - e. Vrådal gamle på Roholt: 6 stk møtte, ein stilte med traktor. Rønningar vart tekne. Rydda fint til Gudstenesta der ute 26. mai. Det vil dei gjerne skal halda fram seinare år.
 - f. Kviteseid gamle: Ingen rapport, men dugnadsarbeid vart gjort.
8. Ein tilsett er framleis sjukemeld i 50 av 100 % stilling. Har vore sjukmeld i 12 mnd. no. Det har vore fleire vikarar. Ein av dei, Zeljko Miskovic (Misko) har arbeida på timar i 50 % sidan februar. Frå mai til ut august vil han arbeide i full stilling og delvis òg erstatta ein av to sommarhjelpar.
9. Telemark kommunerevisjon har meldt at ny revisor for Kviteseid sokn er Hilde Vatnar som avløyser Mariann Todal.

Sak 38/19, FR

Kyrkjevalet 2019

HB

Nominasjonskomiteen si liste til soknerådsvalet er offentleggjort på våre eigne nettsider innan fristen. Kandidatane vert presentert i Kyrkjebladet i juni.

Kandidatane er lagt inn i valgmodulen på for Den norske kyrkja. Frå valgmodulen har vi etter det skrive ut stemmesetlar til soknerådsvalet. (sjå vedlegg) Dei skal vi kopiera sjølv på kvite ark, min. 120gr. Til Bispedømmerrådsvalget får vi tilsendt stemmesetlar på farga papir.

I kyrkjebladet vert det òg skrive meir om at det er to val som skal gjennomførast, soknerådsvalet og bispedømmerrådsvalget. Det sistnemnte har 3 forskjellige lister (tilsvarande politiske parti). Det er Nominasjonskomiteens liste, Åpen folkekirke og Bønnelista.

Kyrkjevalet må koordinerast med kommunevalget. Vi må difor ha lokalar og mannskap til desse stadane og tidene:

Stad	Dag/dato	klokkeslett	Min. ant. Funksjon-ærar
Kviteseid	Sund. 08.09.	kl.15.00-18.00	2
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2

Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2
Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2

-totalt inntil 14 personar/funksjonærar/vaktar. Treng ikkje vera 14 forskjellige. Folk utanom SR må/kan også engasjerast.

Det skal etablerast eit valstyre på minst 3 personar på kvar stemme stad (*Sjå Valghåndboka 2.1.2 Stemmestyre*). Det skal til ein kvar tid vere minst to valfunksjonærar til stades kvar plass. Vrådal og Brunkeberg må gjerast avtale med.

Kyrkjerådet sender ut valgkort til alle med stemmerett før 10. august. Det må brukast ved førehandsrøysting. (Vi kan risikera at folk frå andre sokn eller bispedøme førehandsstemmer hos oss.) Kyrkjekontoret bemannar seg sjølv for førehandsrøysting.

Manntallslistar skrivast ut lokalt. Alle funksjonærar må ha vegleiing / kursing før valet tar til. Materiell og nettkurs kjem. Mykje står i valhandboka vedlagt.

Bispedømerådet gjer eit tilskot på om lag kr 30.000 til gjennomføring av vala. Soknerådet må bestemma om valgfunksjonærar skal få betaling, eller om vi skal be dei gjere det på dugnad og la pengane gå til anna drift av soknet.

Det er valgstyret (= soknerådet) si oppgåve å setja seg inn i valgordning og lovar. *Sjå Valghåndboka i digital utgåve vedlagd her.*

*Vedlegg: Stemmesetel soknerådsval 2019
3 lister for bispedømerådsvalet 2019*

Valghåndboka:

<https://dkr.kirken.no/documents/10579/205504/Valgh%C3%A5ndbok+-+Kirkevalget+2019/9207360b-adf8-4ae7-84c6-0666eb5b4127?version=1.0>

Handsaming under møtet:

Informasjon om Bispedømmerådsvalet vart utdelt.

Det vart informert om at den kyrkjelege vallova (pkt. 7.2.4) seier at det skal vera førehandsstemming på institusjonar. Vi fylgjer då kommunen sitt opplegg med Førehandsstemming 5. september på KOS kl. 10.00-12.00, og på Midtsundtoppen kl. 12.00-13.00. Kommunen har òg ambulerande førehandsstemming same dag kl. 13.30-15.00

Forslag til VEDTAK:

Til valstyre og funksjonærar utnemnas fylgjande (dei 3 fyrste namna kvar plass utgjer valstyret):

Kviteseid	Sund. 08.09.	kl.15.00-18.00	2		
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2		
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2		
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2		
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2		
Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2		

Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2		
------------	--------------	---------------------------------	---	--	--

Valstyret og funksjonærane gjer arbeidet gratis, *eller* mot eit honorar tilsvarande møtegodtgjersle for soknerådsmøte kr 350 for kvar økt på 3-5 timar?

VEDTAK:

Til valstyre og funksjonærar utnemnas fylgjande personar: (dei 3 utheva namna kvar plass utgjer valstyret, den understreka er leiar):

Kviteseid	Sund. 08.09.	kl.15.00-18.00	2	Håkon Birkeland	Marit Gotuholt
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2	Møyfrid Lunde	Marit Gotuholt
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2	<u>Vidar Syrtveit</u> <u>Mikalsen</u>	Gunn Karin Eikåsen
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2	Håkon Birkeland	Hanne Roholdt
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2	Birger Skipar	Hanne Roholdt
Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 12.00-15.00	2	Anna Dorthea Heggveit Henriksen	Reidun Øvrebø Fisketjønn
Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 15.00-20.00 + oppteljing	2	<u>Inger Lise Berge</u>	Reidun Øvrebø Fisketjønn

Det vert førehandsstemming fylgjande stader og tider:

- På kyrkjekontoret 10. aug.- 6. sept. kl. 10.00-13.00
- På Kviteseid Omsorgs senter 5. sept. kl. 10.00-12.00
- På Midsund toppen 5. sept. kl. 12.00-13.00
- Ambulerande 5. sept. kl. 13.30-15.00. Denne siste må bestillast seinast 3. sept. kl. 15.00 til kyrkjeverja (97047860)

Valgstyret og funksjonærane gjer arbeidet som dugnad, men må ha kaffi/mat.

Sak 39/19, FR	Rekneskapsrapport Jan-mai 2019	KS
----------------------	---------------------------------------	----

Rekneskapsføraren i kommunen har på oppmoding levert rekneskapsrapport for jan-mai 2019. Tala som fylgjer her er mellombels t.o.m.21.mai. Rapport for 5 heile månader blir lagd fram på møtet. **Tala vidare under her er frå rapporten pr. 31.05.2019.**

Resultatet så langt syner pr. i dag eit samla driftsunderskot på kr ~~322.464~~ 248.381. Feilføringa med over 100.000 tilhøyrande investeringsprosjekt er framleis ikkje retta opp, men vil bli gjort nå før endeleg driftsrapport. Driftsresultatet jan-mai, vi da likne meir på det i 2018 i same periode då det var underskot på 226.000. (1. kvartal 2019 hadde eit underskot på kr 284.000, så dette går i rett retning).

Tilskot frå kommunen er i rapporten periodisert til 5 mnd mens det eigentleg er utbetalt for 6. (Merket blått på kvar avdeling på vedlegget). Det gjer eit meir korrekt bilete, men er ikkje faktiske høve.

Avdelingsvis syner rapporten dette (NB på *vedlegget* er inntekt ført som negative tal):

- **110 Administrasjon** har eit negativt driftsresultat på kr ~~14.600~~ 15.072 mot budsjettert +13.750 (+ 2.000 i same periode i 2018)
- **111 Kyrkjer** har eit negativt driftsresultat på kr ~~263.000~~ 176.614 mot budsj. 7.500 (-182.000). Hovudårsaka er dei 100.000 nemnt over, men også forsikringar betalt for heile året, og høge vedlikehaldsutgifter.
- **112 Kyrkjegardar** har eit negativt driftsresultat på kr ~~95.300~~ 109.665 mot budsj. 9.200 (-139.000) Hovudårsaka her er at FESTEAVGIFT ikkje fakturerast før til hausten og betalast i nov-des.. Nokre store tal er også moms feilen i 2018 som er retta opp i 2019 og vil fylgja oss i heile 2019 (sjå konto 112-16201 og 16501) men samla utgjer dei ikkje mykje. Med meir periodisering kunne driftsresultatet her vore = 0.
- **113 Andre kyrkjelege føremål** har eit positivt driftsresultat på kr ~~46.700~~ 45.116 mot budsj. negativt på 9.600 (+ 49.000).

Vedlegg: Driftsrapport 2019.1-5 (t.o.m.22.5.)

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek rapporten til vitande.

Driftsrapport 2019.1-5 (pr. 31.5.) vart lagt fram på møtet.

Feilføringa med over 100.000 tilhøyrande investeringsprosjekt er retta opp i den.

VEDTAK:

Soknerådet tek den framlagde rapporten til vitande.

Sak 40/19, FR

Maskinar for kyrkje gardsdrifta

KS

Mykje arbeid på kyrkjegardane kan med fordel effektiviserast. Nemner noko her:

- På fleire av kyrkjegardane må heile eller delar av massen skiftast ut for kvar grav som vert teken i bruk.
- God og dårleg masse bør skiljast betre enn det vert gjort i dag for gjenbruk av god jord.
- Kvar vår må mykje jord tilførast for å jamne ut hol og ujamn heiter.
- Sjøppel og spesielt biologisk avfall på alle kyrkjegardane må handsamast/sorterast.
- Vedlikehald av vegar og anna på kyrkjegardane.
- Vinterstid er det ein del brøyte arbeid.

Til dette brukast i dag traktorgravaren og mykje handarbeid.

Traktorgravaren frå 1999 vart tidlegare hovudsakleg brukt til graving av graver, men òg dette ovanfor nemnde. Etter at vi for få år sidan fekk ein liten beltegravar, er det hovudsakleg skuffa på traktoren som er brukt. Graveutstyret bak på traktoren brukast ikkje, og er ein hemske under transport og mykje av arbeid. Graveaggregat kan demonterast for å gjere traktoren meir anvendeleg, men kan truleg ikkje seljast separat. Kyrkjevevja og fagpersonane våre vurderer det som betre økonomisk å selje helte traktoren slik den er, og la salgssummen vere med å finansiere ein meir tenleg maskin. Vi antar traktoren slik den er i dag har ein verdi på om lag kr 40.000. Vi har fått innbytte pris på kr 60.000 frå ein leverandør viss kjøp av nytt utstyr.

Sist sommar leigde vi for nokre dagar ein beltelastar med skuffe. Den var effektiv og god, men har avgrensa bruksområder og arbeidar seint.

Eit meir allsidig og anvendeleg reiskap er ein minilastar/kompaktlastar. (sjå vedlegg) Det er noko nesten alle fellesråd og sokneråd i dag har i gravferdsforvaltninga/ kyrkjegardsarbeidet. Fyresdal og Nissedal har i fleire år hatt ein liten 'Avant' som Felleskjøpet forhandlar. Seljord kjøpte ny for under eit år sidan. Det er gode og anvendelege maskinar som ein òg kan kjøpe mykje ekstra utstyr til om ein treng. Nissedal opplever at den de har er i det minste laget. Dei har grasklyppar som tilleggsutstyr. Seljord kjøpte ei større, og valde snøfresar som ekstraustyr, og er svært nøgde med si maskin. Vi planlegg å prøve den i Seljord.

Nokre dagar før 17.mai fekk vi låne ein minilaster (Kramer 5035) frå ein forhandlar. Den er veldig god og vi trur ein slik vil vera særans anvendeleg og forenkla mykje av arbeidet hos oss. Kyrkja i Bø som lånte den før oss, meinte det var ein svært god og anvendeleg maskin, men dei hadde ikkje bruk for den fordi dei har god gravemaskin, traktor og minitraktor, samt fleire tilhengerar. Kyrkjevevja har òg vore på ei sals messe der ein 3. variant vart demonstrert.

Ein smal tilhengar med vipp har vi òg i fleire år tenkt hadde vore svært tenleg i dette arbeidet (på kyrkjegardane).

Spørsmål:

1. Skal vi effektivisere og fornye oss, eller drive best mogleg som før?
2. Skal vi kjøpe nytt utstyr, kva nivå skal vi legge oss på, og korleis kan dette finansierast?
Her er nokre moglegheiter og eksempel:
 - a. Kjøp over investeringsbudsjett, med meir eller mindre egeninnsats frå disposisjonsfond, og sal av traktorgravaren.
 - b. Leasing med eller utan innskot, og kjøp etter til dømes 5 år. Jo større innskotet er, desto mindre vert månadlege kostnader over driftsbudsjettet.

I oversikten under her, kan sjølvstgt storleiken på fleire delsummar endrast

Kostnad (brutto):	462.500	462.500	250.000	250.000
Finansiering:		m/leasing:		m/leasing:
Momsrefusjon	92.500	92.500	50.000	50.000
Sal av traktorgravaren	60.000	60.000	50.000	50.000
Frå disposisjons/drift-fond*	140.000	170.000	50.000	0
Frå Investeringsbudsjett 2020	170.000		150.000	0
Leasing over 5 år + 1 mnd (for å kjøpe ut resten)	0	143.051	0	153.000
Leasing kostnad årleg (netto)		32.064		34.260
Leasing kostnad pr.mnd. (netto)	0	2.672	0	2.855

* Disposisjonsfondet hadde 1.1.2019 kr 644.000. Til revidert investeringsbudsjett i 2019 er det kalkulert med bruk av kr 90.000 frå fondet, og 50.000 kvart år vidare. Men det blir aktuelt berre viss alle prosjekta vert ferdige i dei oppsette åra. Soknet har i tillegg bunde driftsfond på kr 285.000. Ref. årsrekneskapet for 2018.

Tenleg tilhengar med hydraulisk tipp og tilpassa ein mini-lastar har ein kostnad på om lag kr 20.000. Dette ynskjer vi også å kjøpe, avhengig av utfallet med minilastar.

Vedlegg:

- Minilastere og tilhengar (Ark med bileter og nettoprisar)

- https://www.youtube.com/watch?v=ye-O_9n8E_k
- <https://www.felleskjopet.no/maskin-og-redskap/landbruk/kompaktlaster/avant/400-serie/avant-420-280307/#group-2>

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet går inn for kjøp av kompaktlastar finansiert over investeringsbudsjettet for 2020 kombinert med stor eigenkapital (momsrefusjon, sal av traktorgravar og midlar frå fond). Soknerådet ser på storleiken for kvar del i samband med handsaming av investeringsplan for 2020-24 i neste sak.

VEDTAK:

Soknerådet går inn for kjøp av best mogleg kompaktlastar av dei framlagde merkene og innanfor dei skisserte økonomiske rammene. Dette finansierast med midlar frå driftsfond, investeringsbudsjett, momsrefusjon, og sal av den gamle traktorgravaren. Soknerådet ser på storleiken for kvar del i samband med handsaming av investeringsplanen for 2020-24 i neste sak.

I investeringsbudsjettet for 2020 i neste sak vart det satt av kr 170.000 til delfinansiering av kompaktlastar. Resten av kostnaden vart da dekt over driftsfond (kr 140.000), momsrefusjon (kr 92.500) og salg av traktorgravar (kr 60.000).

Dette utgjør samla ein ramme på kr 462.500 for kjøp av ny kompaktlastar.

Sak 41/19, FR

Forslag investeringsplan 2020-2024

KS

Soknerådet har nyleg handsama revidert investeringsbudsjett for 2019.

Denne saka er forslag til investeringsplan for komande 5 års periode med størst fokus på budsjett for 2020. Planen skal vidare til kommunen for handsaming og vonleg løyving for budsjettåret 2020. På grunnlag av løyvinga vedtar det nye soknerådet i januar 2020 investeringsbudsjettet for det året.

Soknerådet legg til grunn at prosjekta for 2019 vart gjennomførte. Om dei ikkje vart det, vil det uferdige med ubrukne midlar leggjast til budsjettet i 2020, slik det vart gjort i år.

Soknerådet la i 2018 fram investeringsplan for 2019-2023 med kr 1.0 mill. i tilskot frå kommunen i kvart år i den perioden. Vi planlegg vidare med same storleik på tilskot/refusjon.

20-1 Brannvarslingsanlegg Fjågesund kyrkje er oppført med kr 232.000. Det er basert på tilbod frå Vrådal kyrkje i 2019. Vi innhentar tilbod hausten 2019. Med dette kjem vi i hamn med den langsiktige planen om brannsikring av alle kyrkjene med unntak av Kilen som ikkje er prioritert. Brunkeberg kyrkje fekk sitt i 2014/15, Kviteseid i 2017, og Kviteseid gamle i 2019. Vrådal står på planen i 2019.

20-2 Reparasjon av kyrkjeklokkene i Kviteseid gamle og i Vrådal kyrkje – Opphenget til kyrkjeklokka i gamlekyrkja har i fleire år vore så dårleg at vi har måtte ringja svært varsomt. Etter kontroll våren 2019 har vi fått ringje forbod. Denne klokka med oppheng må til Tønsberg for reparasjon. Opphenget i Vrådal er berre slitt, noko som fører til at aksling må skiftast innan få år. Med dette vil begge klokkene få nye akslingar på kulelager i staden for vippeakslingar som var det vanlege før. Samla er prosjektet kostnads sett til kr 178.000 etter tilbod som gjeld til sept. 2019.

20-3 Kompaktlastar – delfinansiering. Tilbod frå forhandlar etter fleire rundar med kutt, har ein kostnad på kr 370.000 for maskina Kramer 5035. Same forhandlar tek gamal traktorgravar i

innbytte for kr 60.000. Annan finansiering er momsrefusjon (92.000) og uttak frå fond (140.000). Resterande kr 170.000 står då att for investeringsplanen 2020.

20-4 Reparasjon av taket på Vrådal kyrkje – prosjekt over 2 år. Behovet og prisanslaget er bygd på ein fagkunnig rapport frå 2017. Det vil bli innhenta tilbod på arbeidet innan det tar til.

Vidareføring av prosjekt frå 2019:

19-4 Renovering blyglas Kviteseid kyrkje. Dei to fyrste vindauga (i koret) vart rehabilitert i 2018. To av seks store på langveggane står på programmet for 2019. Ytterlegare to til er sett opp for 2020.

19-5 Tilbygg bårehus Kviteseid og HC/WC. Prosjektet går over 2019 og 2020 med WC, graving, sokkel og mur i 2019. Føreset at dette blir ferdig, kan veggjar og tak setjast opp i 2020, med ein kostnad på kr 243.000.

Vedlegg: *Forslag til Investeringsplan for 2020-24*

Forslag til VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til Investeringsplan for åra 2020-24.

Handsaming under møtet:

Planen for åra etter 2020 vart drøfta. Soknerådet ber spesielt om nøye overvaking av eventuelt sig på innvendig tak på Brunkeberg kyrkje, og eventuell endring av mur nedanfor kyrkjegarden. Ved behov må naudsynte tiltak og utgreiing av fagkunnige setjast i verk.

VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til Investeringsplan for åra 2020-24.

Sak 42/19, MR

Gullkonfirmantar hausten 2019

MB

Gull Konfirmantfest for to årskull skal i år vera 29. september etter gudstenesta i Brunkeberg same dag. Innbydingar må sendast ut før neste soknerådsmøte i august. Difor treng vi å få etablert ein komité for arrangementet på dette møtet. Innbydingane sendes frå kontoret i sommar.

Forslag til VEDTAK:

Komité for Gullkonfirmantfesten 29. september:

VEDTAK:

Komité for Gull Konfirmantfesten 29. september vert Hanne Roholdt, Vigdis Bruhaug og Jørgen Moen som sjølv er gullkonfirmant.

Soknepresten innkallar til fyrste komitémøte. Kyrkjekontoret ordnar fyrste namneliste og forslag til innbyding.

Hans Kristian Aabø kan stille på kjøkken på sjølve festen. Reidun Øvrebø Fisketjønn kan spørjast ved behov.

Sak 43/19, MR

Vikar trusopplærar og sekretær

HB

Britt Helen Finstad startar i sommar i vikarstillinga som trusopplærar og sekretær. Prest og kyrkjevevjerje ser fram til å få desse funksjonane på plass, og vi trur det samla vil gagne kyrkja og dei unge i Kviteseid mykje.

Brit Helen tar til i stillinga med konfirmantleiren frå 24.-29. juni. Frå juli er ho i full gang.

Ein god utfordring er den store auken frå 15 % til 50 % trusopplærar. Kva skal vi så fylle den tida med? Vi trur vi har nokon lunde oversikt over kva tida skal brukast på, men tar gjerne imot innspel frå soknerådet om korleis vi skal prioritera.

Trus opplæringsutvalet skal òg handsama dette.

Av oppgåver nemnar vi disse generelle punkta utarbeida til den siste utlysinga:

1. Tenestegjere med sporadiske og kontinuerlege tiltak frå trus opplæringsplanen.
2. Leie, koordinere og administrere kyrkjelyden sitt trosopplæringsarbeid i nært samarbeid med sokneprest, trosopplæringsutvalget og frivillige.
3. Bidra og inspirere til eit variert og godt trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden.
4. Delta i konfirmant arbeidet.
5. Delta på konfirmantleir i juni.
6. Leie sundagsskule arbeide og gjerne vere med å ha sundagsskule sjølv slik at det vert 3 team.
7. Sakshandsamar for trusopplæringsarbeidet (som kyrkjevevjerja for soknerådet).
8. Rekruttere, inkludere og fylgje opp andre som kan medverke i arbeidet
9. Gjerne vere med på eit eller fleire kontinuerlege tiltak. Besøke alle i tur og orden.

No har vi våren 2019 ikkje hatt lønskostnadar for sekretær og trusopplærar, så vi har noko ekstra å gå på. Kyrkjevevjerja har difor teikna avtale med den tilsette om mellombels for resten av 2019 auka sekretær delen med 5 % og trusopplæring delen med 10 % slik at fordelinga blir hhv 20 % og 60 % til samla 80 % stilling.

I same kategori kan det nemnast at vi frå hausten har organist i 70 % stilling der vi har kalkulert med 80 %, og med lågare løn. Dette fører til noko meir disponibelt eller innspar på budsjettet. Forslag til korleis dette skal brukast kjem opp i handsaming av eit eventuelt revidert driftsbudsjett for 2019, og i alle fall i forslag til driftsbudsjett for 2020, på SR-møtet 21. august.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek informasjonen til vitande. Eventuelle innspel til prioriteringar:.....

Handsaming under møtet:

Soknerådet samtala godt om saka og kom med nokre forslag til prioriteringar, der Skulelaget vart spesielt nemnt. Elles ser sokneprest også til handsaminga i trusopplæringsutvalet. Soknerådet presisera at den nye trusopplæraren må få tid og rom til å bli kjend og finna ut kva ho og vil prioritera. Soknerådet ynskjer å møte Britt Helen Finstad på fyrste soknerådsmøte i august (21.8.).

VEDTAK:

Soknerådet kom med nokre tankar og tok elles informasjonen til vitande.

Sak 44/19, FR

Oversikt forsikringar

HB/KS

Som orientering til soknerådet leggas ved ein oversikt over dei aktive forsikringane

1. Kviteseid sokn har i KNIF Trygghet Forsikring med kostnad i 2019:

- Maskinar/køyretøy/reiskap kr 22.857
- Bårehus/reiskapsbuer kr 2.778
- Kyrkjebygg (KA's kirkebyggforsikring) kr 93.331

2. Personalforsikringar har vi i KPL. Det er

- Yrkesskade/ulykke med årleg kostnad kr 4 881 og
- Gruppeliv kr 8221.

Det er gjennomgått av kyrkjeverja og er korrekte så langt han kan sjå.

Kyrkjebygg Forsikringa skal kontrollerast litt ekstra med tanke på oppdatering av sikringstiltak som kan gje ytterlegare rabatt.

Vedlegg: KNIF-forsikringar 2019

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek informasjonen til vitande

VEDTAK: som føreslege.

Sak 45/19, SR

Eventuelt

HB

Frå Dagfinn Køhn via kyrkjeverja:

Til avslutningsframføringa med Kyrkjekoret og Dagfinn Køhn m.fl. laurdag 29. juni, er det mange tilreisande tidlegare songarar i kyrkjekoret som saman med dei noverande skal ha ein lang dag med øving før framføringa kl. 19.00. Dei treng då noko mat.

Kirsti Skjæveland er spurt og tek på seg ansvaret for dette, ho vert kontakta direkte av Dagfinn Køhn.

Frå Marit Gotuholt:

Om avskilsfesten for organist Dagfinn Køhn, på Misjonshuset søndag 30. juni, etter gudstenesta.

Komiteé for festen vart oppnemnt av soknerådet 11.4. og består av: Marit Gotuholt, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Herdis N Jørgensen og Jørgen Moen. Dei har ikkje vore samla enda, men noko er gjort og avklart:

- Barnekora og leiarane kan ikkje stille grunna sommarferie.
- Alle prestar som har tjenestegjort saman med Dagfinn er invitert frå kontoret.
- Olav Mosdøl er utfordra av kyrkjeverja til å skriva eit 'Hyllingskvad' til Dagfinn og har teke imot utfordringa.
- Kontoret sender ut innbyding til tidlegare tilsette (som: Olav Nordskog, Werner Thorkildsen, Karin Maria Larsen og Svanhild Fidjeland. Kan vere fleire..)
- Komiteen finn sjølv leiar for festen.
- Komiteen syter for kontakt med og utfordring til eventuelle bidragsytarar til program, som til dømes: Kjell Lindheim, Kjell Arne Norum og Øyvind Jørgensen.

Frå Hallvard Jørgensen via Møyfrid Lunde:

Vedr. ein eventuell Viking-gudsteneste i Kviteseid søndag 21. juli i samband med at det kommer eit vikingskip til bygda. Tanken er av Hallvard lufta med prosten, fungerande sokneprest (i juli, Dag Harald Undheim) og organisten.

Det skal vera eit arrangement på bygdetunet i dette høvet, og spørsmålet var om det gjekk ann å tenke noko rundt ein gudsteneste med preg av gamal tid, i Gamlekyrkja ein gong på ettermiddagen i staden for den oppsette i Kviteseid kl. 18.00.

Soknerådet er takksame for det kreative og spanande initiativet frå Hallvard, men finn det av fleire årsaker ikkje tenleg å gjennomføre denne dagen. Den oppsette gudstenesta i Kviteseid kl. 18.00 går dermed som planlagt.

Planlagde møter i 2019 etter vedtak 63/18: 21. aug., 2. okt.,

og 20. nov. (nytt sokneråd. Avtroppande leiar deltek under konstituering)